



Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1135 - 15/6045

Saksbehandlar:  
Frøydis Ones  
Froydis.Ones@lindas.kommune.no

Dato:  
13.03.2015

## Områdeplan for Knarvik sentrum - 3. gongs offentlig ettersyn

Plan- og miljøutvalet vedtok i møte den 4. mars (sak 34/15), og i samsvar med plan- og bygningslova §12-10, å leggje framlegg til områdeplan for Knarvik sentrum til 3. gongs offentlig ettersyn. Planframlegget vert i samsvar med plan- og bygningslova §12-10 lagt til offentlig ettersyn i 6 veker, med merknadsfrist 22. april.

Det låg ikkje føre motsegn til planframlegget etter andre gongs offentlig ettersyn i 2014. Styringsgruppa for planarbeidet har likevel valt å gjere endringar i føresegna om rekkefølga, for å betre gjennomføringsevna for planen. Målsettinga er at flest mogleg skal kunne starte arbeid på eigen grunn utan å vere avhengig av ferdigstilling av vegar, torg, gatetun og grøntanlegg. Konkret inneber dette at fleire rekkefølgekrev er endra frå «ferdigstilt» til «sikra opparbeidd».

Dei andre endringane som er gjort i planframlegget, er i hovudsak ei tydeleggjering og presisering. Med bakgrunn i dette, ynskjer Lindås kommune at eventuelle merknader vert knytt til dei konkrete endringane, eller konsekvensane av dei konkrete endringane i planframlegget. Endringane er i hovudsak presentert i PMU sak 34/15.

Planframlegget inneheldt følgjande dokument:

- Planomtale
- Plankart i 3 vertikalnivå
- Føresegner
- Vedlegg A, Grøn overflatefaktor
- Vedlegg B, Grøne punkt
- Vedlegg C, Illustrasjonsplan
- Vedlegg D, Kvalitetsprogram

Desse dokumenta er saman med PMU sak 34/15 tilgjengeleg på kommunen si heimeside, og på braplan: <http://braplan.geoweb.no/braplan/> (søk opp planid. 1263-201002). Dokumenta ligg til gjennomsyn på rådhuset, og på biblioteket i Knarvik. Lokale, regionale og statlege mynde får eit sett av plandokumenta sendt pr. post.



Eventuelle merknader skal innan 22. april i år sendast til: Lindås kommune, plan- og miljøutvalet, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø, eller til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no).

Av omsyn til vidare framdrift i planarbeidet kan det ikkje påreknast at det vert gjeve utsett høyringsfrist.

Med helsing

Arnold Matre  
fagleiar

Frøydis Ones  
arealplanleggar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

3. Kvalitetsprogram, 3. gongs offentleg ettersyn

**Mottakarar:**  
Radøy kommune

Radøyvegen 1690 5936

MANGER